

# FjellNytt uke 22 - 2022

FjellNytt er et lite informasjonsskriv til deg som driver landbruk i Oppdal og Rennebu.

**Tema:** Nye priser på mineralgjødsla  
Avlings- og kvalitetsutvikling i gras  
Beitebur i utmarka  
Ugaskamp i gjenlegget – vekas ugras er Vassarve  
Grønførvekstar som høstbeite til lam  
Sjekklist før slått  
Vi hjelper deg  
Innlogging på medlemssidene i NLR Trøndelag

Hilsen **Torhild og Anne Karin**

## Nye priser på mineralgjødsla

Nytt gjødselår frå 1.juni. Som mange nok har fått med dykk er det no nytt gjødsleår, og prisane på mineralgjødsla har gått noko ned. Heldig vis har etterspørsel og tilbod kome meir i balanse og prisane er gått noko ned. For dykk som ikkje har kjøpt gjødsel til etter slåttan vert kanskje juni den rette månaden å gjere dette på. Noka garanti på pris er det ingen som vil/kan gje. Priser fra Felleskjøpet Agri i Trøndelag 1.juni : 25-2-6: 7,94 kr/kg, 22-3-10: 8,64 kr/kg og 22-2-12: 8,91 kr/kg.

## Avlings- og kvalitetsutvikling i gras

Også i år vil vi i NLR Trøndelag følgje med på vekst og utvikling i eng på ein del lokalitetar i Trøndelag. **Sjå Fagnytt denne veka.**

I Oppdal er veksten enno ikkje kome til strekningsvekst, og derfor er det ikkje tal herifrå enno. Stasjonane i Rennebu har vi dessverre litt problem med, men vonar det vert i orden etter kvart. Vi tar ut dei første grasprøvene neste veke.

Klimadata finn du her velg stasjon Oppdal eller Rennebu : <https://lmt.nibio.no/>

## Beitebur – effekt av utmarksbeite

Vi ønsker å vise frem virkningen av beiting på vegetasjonen i de ulike områdene. Forståelsen av beite sin betydning for norsk matproduksjon, biologisk mangfold, klima, kulturlandskap og turistnæring mm er begrensa når en ser på tv-debatter og leserinnlegg. En en uavbrutt beitetradisjon i ca 4000 år har gitt fantastiske beiter med et rikt mangfold av beitegras og urter, beitemarkssopp og insektliv tilknyttet beiteområdene.

Synliggjøringen gjør vi ved å gjerde inn en liten firkant på 3\*3 m i utmarka som da ikke blir beitet, ved populære utfartsområder i kommunene. Vi satser på å få opp flere beitebur også i sommer. Er det noen av dere i grunneierlag som vil være med på ett spleiselag så kontakt oss : O)

**Bilde** viser Beitebur i Kleivgardan



## Ugraskamp i gjenlegget frå i høst

Vi ser at åkrane som var sådd først på august i fjor må sprøytast no, om det er for mykje ugras. Ugraset skal være lite, dvs ca 5 cm (ikkje 15) ved sprøyting. Ut av traktoren og ned på kne for å studere : O) Er du i tvil, ring oss!!! Slik ser dei ut:

### Ugraset er på frøstadiet

max sprøytестørrelse



vassarve



Meldestokk



balderbrå



høymole

## Vassarve – starter fryktelig tidleg

Et velkjent ugras som starter fryktelig tidlig på vårparten. Får ho stå i fred, kan resultatet bli meterhøye tuer med vassarve, som vil være øydeleggende når avlinga konserveres.

Planten er vinterrettårig. Er 20-60 cm høy og kryper seg ofte noe bortover bakken først med sine nedliggende stengler. **Kan bli som et dekkende teppe over jorda.** Bladene er gjenkjennelige med spisse eggeformede blader, samt blomsten er en liten hvit stjerne (4-5 mm i diameter). Formering skjer både fra frø og jordslåtteleddknuter fra stengel som ligger langs bakken. Ei plante kan avgi ca. 15000 frø som kan overleve lenge i jorden. Frø kan og spire raskt og planta kan derfor rekke flere generasjoner i samme vekstsesong.



**Har du vassarve er det ingen tid å miste no.**



## Grønfôrvekstar som høstbeite til lam

*Har du for lite høstbeite for å få lamma slaktmodne i tide om høsten? Da kan grønfor vere ein del av løysinga. Kvaliteten på håbeite tapar seg utover høsten, det kan bli knapt med næring for lamma å vekse på berre hå. Lite høstbeite pga jordarbeiding (overvintringsskade, kveke mm) kan og gjere at vi treng meir høstbeiteavling*



*Her er det sådd både raigras og raps for ein viste at det var stor skilnad på jordstrukturen. Ein ser at der det er fuktig er det berre raigras. Foto: Torhild Svisdal Mjøen*

Til vanleg vert det rekna at ein treng 0,7-1 daa håbeite per lam per mnd.

Raps, raps/raigrasblandingar gir større avlingar: 600 Fem per daa. Beites etter 60-70 dager. Vi kan supplere håbeite slik: Raps; 0,1 daa raps pluss 0,3 daa håbeite per lam per mnd. Hugs: Slaktemodne lam skal til slakteriet (plukkslakting).

### Val av grønforvekstar

Av dei grønforvekstane vi har, vil Grønforraps (beiting: Fontan, Barsica), Raigras ettårig (WesterWoldsk) og toårig (Italiensk), forreddik (Trident m fl.) og grønfornepe (Marco mfl.) vere aktuell. Grønforerter, (Javlo m.fl) og forvikker (nitra) er òg aktuelle i blandingar. Blanding med korn: Korn+erter+raigras+forraps til irekteføring/ensilering +slått/beite. Obs ikkje bygg til sau som har satt aks pga snerpen!!

*Grønforrapsen* er krevjande men har stort potensiale

Rapsen gjev gode avlingar om jordtilhøva er bra, og den kan såast etter vårbeiting eller etter tidleg 1.slått i låglandet. Såtida må tilpassast tida for beitestart. Ei høveleg såmengde er 1-1,2 kg per daa. Ein bra sort til beiting og i høgareliggande områder er Fontan (lik tidligere Solan) som er lågvokst men bladrik. Forventa avling er 350 Fem/daa etter 60-70 døgn, og om han får stå i 100 døgn kan ein kome opp i 550 -600 Fem /daa.

Den krev godt drenert jord med god struktur som er kalkrik og mest mulig fri for ugras. Misfarga rapsåkrar (lilla) er ein vanleg indikator når dette ikkje er til stades.

Brakking med Glyfosat (Roundup) er nødvendig viss det er mykje ugras (særleg rotugras) i jorda før ein skal ha raps. Dette kan gjerast høsten før, på våren eller etter vårbeitinga. Det viktigaste for å få god effekt av brakkinga er at t.d kveka og løvetann har kome nok opp og er i god vekst.

Ver obs på kålmøllen, følg med åkeren og ev. sprøyt viss du får angrep. (Fôrraps, grønfôrnepe og kålrot høyrer til korsblomstra vekstar.)

Dyra må alltid samtidig ha tilgang på anna beite for å unngå nitratforgiftning. Ofte er det bruka husdyrgjødsel til rapsen, ein skal her vere obs på nitratforgiftning ved for sterk gjødsling. Kontakt din rådgiver for å få plan på gjødslinga.

*Raigras*, eit brukbart alternativ til raps av di den ikkje har så store krav til jorda. Den kan vere aktuell i blanding med raps eller i reinbestand. Den Italienske typen er i praksis eitårig, det vil seie at den sett ikkje frø første året og er svert bladrikt. Den veks raskt og eignar seg godt til beiting. Her er det fleire sortar å velje i, men Macho og Mindora er mest bladrike og kvaliteten held seg oppe lenge. Med ein vektssesong på 50-60 dagar kan ein rekne å få ei avling opp mot 600 Fem per daa. Raigras er i grasfamilien og ikkje utsatt for kålmøll.

### **Ei blanding er ein garanti**

Det er mest vanleg med grønfôrvekstar i reinbestand når det skal beitast, men det kan òg vere gode grunnar for å nytte dei i blanding. Ofte vil ei blanding av raps og raigras kunne vere ein garanti for å få ei større avling om jordtilhøva er noko ujamn på skiftet. I tillegg vil ein få ei lengre beiting utover høsten, da ein får gjenvekt i raigraset. Ei høveleg blanding kan vere: raps 0,8-1 kg såfrø, pluss Italiensk raigras, 3 (-4) kg frø. Avlinga vil kunne ligge på 600 Fem per daa etter 100 vekstdøgn.

Blanding av raigrastyper: Når ein skal velge mellom eitårig (westerwoldsk) eller toårig (italiensk) raigras, bør ein vete kva graset skal brukas til. Eitårig raigras er godt egna til ensilering med høsting til rett tid, (55 - 60 vekstdøgn). Toårig raigras er meir fleksibelt i forhold til høstetidspunkt, men krev gjerne totrinns høsting for å unngå ein for rå og strukturlaus masse.

For å oppnå eit beite med meir struktur kan det vere greit å blande inn det eitårige Westerwoldske raigraset. Bakdelen med dette er at ein del da vil sette frø etter 55-60 vekstdøgn og taper da fort kvalitet, her må ein vurdere såtidspunktet i høve til beitestart. Blanding av eit- og toårig kan og være gunstig med direktefôring og der eine slåttan skal takast med høsting og gjenveksten skal beitast (ca 20 dagar til høstbeite. Eitårig raigras spirer raskare enn toårig, men toårig har betre gjenvekstevne. Ei tidleg pussing med forhaustaren når planta er 15 cm (eller lett av beiting ) gjer at raigraset sett fart på veksten.

*Fôrreddik* når du har kort tid frå såing til beitestart. Den gjev noko mindre avling, opp mot 350 Fem, men utviklar seg raskt. Den bør beitast etter 50-60 dagar og etter blomstring går kvaliteten raskt ned. Ein sår 2 kg per daa.

*Grønnfôrnepe* vert dyrka en del og gjev store avlingar. Den har grovare struktur og eignar seg best til beite for gimrer og voksen sau fordi lamma vil lett vrake sjølve nepa. Ein vanleg sort er Marco og anbefalt såmengde er 0,4 kg/daa.

*Torhild*

## Sjekkliste før slåttene - er du forberet

Den finner du her: <https://www.nlr.no/files/documents/NLRs/Sjekkliste-for-slatten-2022.pdf>

### Hva må du huske på?

- Ensileringsmiddel? Hva gjør du i år?
  - Det er mulig å spare seg til fant!
  - Viktigere enn noen gang å ta vare på det føret du har! **Sørg for god kvalitet!**
  - Lokal rådgiver gir råd tilpasset ditt bruk og dine mål
- Viktigere enn noen gang: **REGISTRER AVLING**
- Sjekkliste før slåttene



## Vi hjelper deg:

### Trenger du mer bistand ?

- Endring oppsatt **gjødslingsplan**
- «**Teig til teig**» vurdering sammen med din rådgiver
- **Grovfôr pluss** – hvis du ønsker tettere oppfølging gjennom sesongen for å optimalisere din grovfôrproduksjon
- NLR Sporejakt
- Innstilling av kunstgjødselsprederen
- Oppstartsrad presisjonslandbruk
- Likviditetsskvis? Vi har økonomirådgivere klare for å bistå deg
- Krevende dager? HMS er til for bonden!



## Innlogging på medlemssidene til NLRT

Innlogging nå skjer via Produsentregisteret bruk ditt produsentnr. Alle medlemmer skal få ukentlige e-postmeldinger fra NLR Trøndelag. Ta kontakt dersom du ikke mottar e-postmeldinger.



Vi har landbrukspod, sjå på sida vår og på facebook ([nlrtrondelag](https://www.facebook.com/nlrtrondelag)) så finn du link til desse.



Se også **Fagnytt fra NLR Trøndelag**, som blir sendt ut på epost hver torsdag, for aktuelt fagstoff.